



Turbonegro i aksjon i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Festidalen tar kun ein pust i bakken og vi skal nytte tida fram mot 2009 klokt slik at Festidalen gjenoppstår sterkare og betre. Rocken skal atter gjalla mellom Uskedalsfjella!

Med denne lovnaden sluttar styret i Festidalen den varsla pressemeldinga som no ligg føre og som forklarar nærare kvifor festivalleinga i år må skuffa ein veksande skare av fans. Dei forsikrar at Festidalen på ingen måte er lagt ned for godt, men at "vi treng ein kort pause".

Styret slår fast at festivalen i fjor var ein stor suksess på mange måtar. Difor har avgjersla om pause ikkje vore enkel, men når motivasjonen og lysta ikkje er der, lyt ein ta omsyn til dette.

- Vi skal vere ærlege å sei at det store løftet vi gjorde i fjor nok var litt for krevjande for ein liten organisasjon som vi trass alt er.

Det var knytt store økonomiske utfordringar ved det å ha eit band som Turbonegro på plakaten, i tillegg til at det dårlege veret var med og gjorde rigging og rydding av området svært mykje meir krevjande enn tidlegare, held styret fram.



I fjor var Festidalen svært heldige då dei hadde fått med seg Noreq AS som hovudsponsor og dei signaliserte tidleg at det ynskja å fortsette dette samarbeidet. I tillegg har og Sparebank 1 Kvinnherad signalisert at dei ynskja å vere med igjen i 2008.

- Det er sjølv sagt kjedelig å ha med seg to store sponsorar og velje å avlyse årets arrangement, skriv styret.

Utover hausten i fjor jobba dei med å få med seg fleire frivillige som var villige til å ta på seg eit større ansvar og ein del meldte seg til teneste.

- Vi veit det er mange som har mykje å bidra med i Kvinnherad og vi har stor på at Festidalen vil fortsette å leva i mange år enda, held styret fram.

Det retter ein stor takk til alle dei som har vitja Festidalen som publikum, dei som stilte opp som frivillige, bedriftene som har sponsa arrangementet, Erlend Bjørneboe som har lånt ut jordet, naboane, kulturkontoret og alle andre som har medverka på ulikt vis.

Dei kommenterer og at Festidalen i år er nominert til Eldsjelprisen innan kategorien kunst og kultur. Det er dei særst stolte av og oppmoder alle vener av Festidalen om å gå inn på BT og stemme festivalen fram.

BT deler ut prisen i samarbeid ed Kavlifondet, Sparebanken Vest og G.C. Rieber. Prisen vert delt ut søndag 20. april på Ole Bull Scene i Bergen og består at eit prisbevis forma av kunstnaren Lotte Konow-Lund og eit

pengebeløp.

Av Ola Matti Mathisen



Festidalen-området blir i år like jomfrueleg som her. (Foto: Ola Matti Mathisen)